

**Fra:** Trude Brosvik (Trude.Brosvik@vlfk.no)

**Sendt:** 06.10.2020 07:52:20

**Til:** Politisk

**Kopi:** Jannicke Bergesen Clarke

**Emne:** Spørsmål til SAMO 14.10.20, Fv 567 Fotlandsvåg

**Vedlegg:**

Spørsmål om reguleringsplan / rekkefølgekav Fv 567 på Osterøy

Eg besøkte Fotlandsvåg på Osterøy og fekk informasjon om Fv 567, utviding av lokal bedrift og krav til rekkjefølgjekrav / motsegn til reguleringsplan. Møtet var med leiar i planutvalet; Aksel Mjøs (H), gruppeleiar for KrF; Jarle Skeidsvoll og Sigbjørn Reigstad, administrasjonssjef Lonevåg Beslagfabrikk AS (Lobas).

Etter kva eg skjønar hadde fylkeskommunen eit krav om utbetring av avkøyrsla og svingradius inn på fylkesvegen. Det er etterkome av bedrifta. Men så hadde SVV eit anna krav som for både Osterøy kommune og bedrifta framstår som svært urimeleg. Det går på både utbetring av veg, samt bygging av gang/sykkelveg frå bedrifta og inn mot skulen i Fotlandsvåg. Dette er motsett retning av der det vil kome auka trafikk som følge av utviding av bedrifta.

Sjølv om utvidinga medfører at småbåthamna blir flytta, så blir hamna då nærare busetnaden i Fotlandsvåg og vil såleis heller gje mindre trafikk.

Plan-og kommunalteknisk utval på Osterøy hadde 2. gongs behandling av reguleringsplanen 30.09.20, og er samrøystes i saka.

Rekkefølgekavet er kostnadsrekna til 35 mill. Det er forståeleg at bedrifta ikkje kan ta det tiltaket åleine, og at resultatet då heller blir at ho flyttar frå Fotlandsvåg, og kanskje Osterøy.

Det vil vere sterkt mot dei signala Vestland fylkeskommune ønskjer å gje til lokalt næringsliv, og som er heimla i nyleg vedteken Utviklingsplan for Vestland fylke.

Motsegna mot reguleringsplanen er gitt før regionreforma trådde i kraft og fylket fekk ansvar for eigne vegar.

Spørsmål:

Kva vurderingar ligg til grunn for tidlegare vedtak i saka, ma kva risikovurdering ligg til grunn for krav om utbetring av veg, og kva handlingsrom vi har for å kome lokalsamfunnet på Osterøy betre i møte?

Kvar ligg denne saka i dag, og har fylket høve til å "hente ho innatt" til ny, og politisk, behandling?

mvh Trude Brosvik, KrF



Aksel Mjøs <aksel@mjos.no>